



VESTFOLD, TELEMARK OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Møteinnkalling

Vinje kontrollutval

Dato: 05.03.2025 kl. 12:00
Sted: Glasromet
Arkivsak: 25/00005

Forfall og spørsmål om habilitet, meldes snarest mulig til sekretær for kontrollutvalget på e-post ingebjorg.liland@vetaks.no eller telefon +47 470 34 560.

Varamedlemmer møter bare etter egen innkalling.

Leder åpner møtet:

Godkjenning av innkalling og saksliste
Godkjenning av møteprotokoll

Sakskart			Side
Saker til handsaming			
1/25	25/00033-1	Kontrollutvalet si årsmelding 2024	3
2/25	25/00039-1	Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2025	4
3/25	25/00015-1	Referatsaker 05.03.25	5
4/25	25/00021-1	Innspel til kontrollarbeid 05.03.25	6

Møtedokumenter blir publisert på www.vetaks.no.

24.02.2025

For leder i Vinje kontrollutval, Bjørnar Kalbach Christensen

Ingebjørg Liland
Rådgiver

Saker til handsaming

1/25 Kontrollutvalet si årsmelding 2024

Arkivsak-dok. 25/00033-1
Arkivkode 033
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	1/25

Innstilling frå sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre.
Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte årsmeldinga for 2024 frå Vinje kontrollutval til vitande.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet skal informere kommunestyret om sitt arbeid, jfr. Kommuneleva § 23- 5.
Rapportering frå kontrollutvalet til kommunestyret skjer løypande gjennom året ved at saker og rapportar vert send over til kommunestyret for vidare handsaming.

I tillegg utarbeider kontrollutvalet kvart år ei årsmelding som vert send over til kommunestyret til orientering. Årsmeldinga skal saman med møte- og arbeidsplanen for same periode gje kommunestyret ein moglegheit til å følgje med på om dei vedtekne planar, oppgåver og målsettingar blir følgt opp.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt verktøy innan kontroll av kommunen si verksemd.
Kontrollutvalet utfører oppgåver med heimel i kommunelova og på oppdrag frå kommunestyret.
I tillegg kan kontrollutvalet sjølv vurdere om dei ynskjer å handsame andre saker.

Utkast til årsmelding for 2024 blir lagt frem for godkjenning i utvalet, som dernest sender den endelege årsmeldinga vidare til handsaming i kommunestyret

Vedlegg:

- Årsmelding 2024 – Vinje kontrollutval

2/25 Vurdering av forvaltningsrevisors sjølstende 2025

Arkivsak-dok. 25/00039-1
Arkivkode 216
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	2/25

Innstilling frå sekretariatet

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane blir tekne til vitande.

Bakgrunn

Oppdragsansvarlege revisorar skal kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av at dei er uavhengig til kontrollutvalet, jf. Kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19.

Revisor skal vera uavhengig og ha godandel, jf. kommunelova § 24-4. Nærare krav til at revisor er uavhengig og har godandel følgjer av forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 16-19.

Desse krava gjeld for alle som utfører revisjon for kommunar og fylkeskommunar, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Dette gjeld både oppdragsansvarleg revisor, medarbeidarar og eventuelt andre som er engasjerte på oppdraget.

Saksopplysningar

Vestfold og Telemark revisjon IKS har eit kvalitetsstyringssystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetsstyring i revisjonsføretak (ISQM1). Kvalitetsstyringssystemet inneber at dei gjer årlege risikovurderingar og har oppdaterte retningslinjer og rutinar for å vareta krava til at revisorane er uavhengige, etterlev etiske krav, følgjer faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering. Som ein del av kvalitetsstyringssystemet har dei rutinar for å følgja opp og sikra at revisjonsteamet er uavhengig.

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» for dei oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorane Bente Hegg Ljøsterød, Kirsti Torbjørnson og Anne Hagen Stridsklev følgjer vedlagt.

Sekretariatet si vurdering

Kontrollutvalssekretariatet meiner det ikkje er noko i dei vedlagde vurderingane som tilseier at Kirsti Torbjørnson, Anne Hagen Stridsklev eller Bente Hegg Ljøsterød ikkje skal vera i stand til å utføra revisjonsarbeidet på ein objektiv og forsvarleg måte.

Sekretariatet legg fram forslag om at dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» blir tekne til vitande.

Vedlegg:

- Skriftleg eigenvurdering AHS
- Skriftleg eigenvurdering BHL
- Skriftleg eigenvurdering KT

3/25 Referatsaker 05.03.25

Arkivsak-dok. 25/00015-1

Arkivkode 033

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	3/25

Innstilling frå sekretariatet

Referatsakene vert tekne til vitande.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet får lagt fram følgande referatsaker:

1. Deltaking på kurs og konferansar

Fleire i utvalet deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gradermoen 29-30 januar. Medlemmene kan gi sine betraktningar i møtet.

FKT inviterer til fagkonferanse 3-4. juni. Meir informasjon om konferansen finn der her:

[Fagkonferansen for kontrollutvalg 3. - 4. juni 2025 - Forum for kontroll og tilsyn](#)

2. Budsjettendring Vestfold og Telemark revisjon IKS

Vedlagt følgjer budsjettbrev frå VTR. Etter representantskapet si handsaming blei det endring i budsjett for 2025, i forhold til det budsjettforslaget som blei lagt fram for kontrollutvalet i 2024. Revisjonstenestene vil koste 9 200 kr mindre enn det som opprinneleg blei budsjettert

Vedlegg:

- VTR Budsjettbrev 2 - 2025

4/25 Innspel til kontrollarbeid 05.03.25

Arkivsak-dok. 25/00021-1

Arkivkode 033

Saksbehandler Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saksnr
1 Vinje kontrollutval	05.03.2025	4/25

Innstilling frå sekretariatet

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksopplysningar

Hensikten med denne saka er at utvalet sine medlemmer kan drøfte og fremme innspel til saker og forhold som kontrollutvalet kan ta tak i, eller diskutere om å få utgreidd ei sak til eit framtidig kontrollutvalsmøte. Da kan forslag om å sette opp saka blir fremma i denne saka.

Eksempel på tema som kan takast opp:

- Forhold i kommunen som medlemmene har behov for å drøft
- Ynskje om orientering knytt til eit saksområde frå kommunedirektør eller sekretariatet i eit framtidig møte

Utvalet sine medlemmer blir oppfordra til å seie frå om dei har noko til saka i starten av møtet.